



DET KONGELIGE BARNE-
OG FAMILIEDEPARTEMENT

Statsråden

Stortinget
Familie- og kulturkomiteen
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
24/2164-

Dato
17. juni 2024

Dokument 8:111 S (2023-2024) Representantforslag frå stortingsrepresentantane Hege Bae Nyholt, Kathy Lie og Olaug Vervik Bollestad om å innføra nettpornofilter på offentlege og kommunalt eigde nettverk

Eg viser til brev frå familie- og kulturkomiteen 4. april 2024 der komiteen ber digitaliserings- og forvaltningsministeren uttale seg om *Dokument 8:111 S (2023-2024) Representantforslag frå stortingsrepresentantane Hege Bae Nyholt, Kathy Lie og Olaug Vervik Bollestad*. Det er avtalt at eg svarar komiteen. For å svare på brevet har Barne- og familiedepartementet innhenta innspel frå Kommunal- og distriktsdepartementet, Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet, Kunnskapsdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet. Forslaget frå representantane lyder:

1. Stortinget ber regjeringa fremja dei naudsynte instruksane til kommunane, som eigarar av offentlege/kommunale nettverk, slik at dei kan innføra filter som hindrar barn og unge i å få tilgang til pornografi så lenge dei er kopla til kommunalt internett.
2. Stortinget ber regjeringa koma tilbake til Stortinget med dei naudsynte tiltaka som skal til for å innføra pornografifilter i alle landets kommunar, slik at barn og unge ikkje får tilgang til pornografisk innhald på kommunale nettverk.

Som barne- og familieminister er eg, i likskap med representantane, bekymra for omfanget av pornobruk blant barn og unge. Eg ser særleg med uro på tala frå Medietilsynet (2022), som viser at auken i pornobruk blant barn og unge er størst i yngre grupper. Eg vil også vise til rapporten frå Redd Barna (2020) som peikar på at «Mykje tyder på at avanserte og røffe former for sex blir normalisert i ungdomskulturen, og at porno i liten grad lærer unge om tydinga av samtykke og seksualitet». Som forslagsstillarane peikar på, er det òg ei bekymring knytt til samanhengen mellom pornobruk og problematisk og skadeleg seksuell åtferd hos barn og unge. Regjeringa tek desse utfordringane på alvor.

Når det gjeld forslag 1, er det ikkje heimel i lov for å gi instruks til kommunane om å innføre slikt filter. Statsforvaltninga har ikkje nokon generell styrings-, instruksjons- eller overprøvingsrett overfor kommunar. Kommunar er sjølvstendige, folkevalde og sjølvstyrte organ. Skal dei påleggjast oppgåver eller plikter, må dette gjerast gjennom lov eller forskrift. Dette lovkravet følger av kommunelova § 2-1 tredje ledd andre punktum, som seier at avgrensingar i det kommunale sjølvstyret skal ha heimel i lov.

Forslag 2 gjeld naudsynte tiltak for å innføre pornografifilter i alle kommunane i landet. Kripos har allereie utvikla ei liste over nettsider som politiet veit blir brukte til å lure barn eller som er laga for vaksne med mål om sjekking, dating eller seksuelle tenester. Denne lista kan brukast som sperreliste i skulen sine nettverk og på brukar- og einingsnivå for å førebyggje seksuelle overgrep mot barn og hindre kontakt mellom barn og potensielle overgripingar på internett. Kripos tilrår å avgrense tilgangen til desse sidene for grunnskulen.

Regjeringa vil arbeide for å førebyggje seksuelle overgrep mot barn og hindre kontakt mellom barn og potensielle overgripingar på internett. Difor har regjeringa, saman med KS, nyleg sendt eit brev til alle kommunar, fylkeskommunar, private barnehageeigarar og private skuleeigarar med sterk anbefaling om å bruke Kripos si liste over nettsider i lokale sperrer og blokkeringsfilter.

Eg viser i denne samanhengen til vedtak 579 i Stortinget, tilknytt Dokument 8:92 S (2023-2024), Innst. 263 S (2023-2024), der det står: «Stortinget ber regjeringa sterkt anbefale og følge opp at barnehage- og skuleeiere installerer Kripos sitt blokkeringsfilter eller vurdere andre filtre som effektivt sperrer tilgang til uønskede medier og innhald på digitale enheter som brukes av barn i barnehagen og elever i grunnskolen.»

Kommunane, fylkeskommunane og private barnehage- og skuleeigarar har ansvar for å sikre tryggleik og personvern for barna når dei bruker digitale einingar. Regjeringa forventar derfor at dei sørgjer for tiltak som vernar barn mot uønskt og skadeleg innhald, og handterer potensielt skadelege hendingar. I tillegg til å innføre og bruke passande sperrer og blokkeringsfilter, er det viktig at skuleeigarar arbeider for å styrkje elevane si digitale dømmekraft og sikrar eit trygt skulemiljø, også digitalt.

Vidare blei forordninga om digitale tenester (EU) 2022/2065 vedteken 19. oktober 2022 og tredde i kraft i EU 17. februar i år. DSA skal sikre eit tryggare internett for brukarane, beskytte grunnleggande rettar og skape eit ope og rettferdig miljø for digitale plattformer. Forordninga inneheld mellom anna reglar som skal beskytte barn og unge på nett.

I forordninga artikkel 28 står det at digitale plattformer, som kan brukast av mindreårige, skal setje i verk eigna og forholdsmessige tiltak for å sikre høg grad av personvern, tryggleik og sikkerheit for mindreårige på tenestene sine. Søkemotorar og «veldig store plattformer» og «søkemotorar» (med meir enn 45 millionar månadlege brukarar) skal kvart år identifisere og vurdere moglege risiko for barn og unge som brukar tenestene deira. Desse skal vurdere om mindre-

årige kan bli eksponerte for innhald som kan svekke helsa og den fysiske, psykiske og moralske utviklinga deira. Veldig store plattformer og søkemotorar skal innføre tiltak for å redusere slike risikoar, mellom anna gjennom å tilby foreldrekontroll, alderskontroll og verktøy for å melde frå om misbruk eller få støtte. Desse tiltaka kan bidra til å redusere barn og unge sin tilgang til pornografisk innhald på nett.

Europakommisjonen peikte i desember i fjor ut tre pornonettstader som veldig store plattformer. Desse tenestene er frå april i år underlagt dei strengaste reglane i DSA. DSA er indre marknadsregulering og er EØS-relevant. For at regelverket skal bli gjeldande i Noreg, må forordninga takast inn i EØS-avtalen og gjennomførast i norsk rett. Det blir arbeid både nasjonalt og på EFTA-nivå med førebuingane til innlemming i EØS-avtalen og gjennomføring i norsk rett av forordninga.

Skulen er ein viktig arena for å førebyggje og handtere uønskte hendingar og eksponering av innhald på nett. Temaet kjønn og seksualitet er ein del av Kunnskapsløftet 2020 og inngår i læreplanane for naturfag, norsk, KRLE, kroppsøving, musikk, kunst og handverk, samfunnsfag og samfunnskunnskap i både grunnskolen og vidaregåande opplæring. Utdanningsdirektoratet, i samarbeid med Helsedirektoratet og Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, har utvikla ein støtteressurs for skulen sine tilsette som grunnlag for planlegging av alderstilpassa undervisning og felles refleksjon i kollegiet. I denne ressursen er det omtalt korleis elevane bør få drøfte framstillinga av kropp og seksualitet i sosiale medium og porno, og korleis dette kan påverke sjølvbilete, haldningar og forhold til kropp og seksualitet. Skulen bør leggje til rette for at elevane utviklar kritisk sans når dei vurderer digitale kjelder og tenester for informasjon om seksualitet på nettet. Elevane bør også få kunnskap om skilnaden mellom porno og ulovleg deling av bilete, filmar eller overgrepsmateriale.

I tillegg til det overnemnde, arbeider regjeringa vidare med å førebyggje eksponering av uønskt og skadeleg innhold for barn og unge, og å styrke barn og unge sin digitale tryggleik. Eg viser mellom anna til det pågåande arbeidet med stortingsmeldinga om trygg digital oppvekst. Denne stortingsmeldinga vil skildre utfordringar og moglegheiter i den digitale kvardagen til barn og unge og foreslå tiltak for å styrke barn og unge sin digitale tryggleik og den digitale kompetansen til både barn og vaksne. Regjeringa arbeider òg med ei stortingsmelding om seksuell trakassering. Meldinga vil omtale seksuell trakassering på sentrale arenaer for barn og unge, mellom anna på skule, fritidsarenaer og på nett.

Med helsing



Kjersti Toppe

Brevet er godkjent elektronisk